



Miljødirektoratet
v/Fylkesmannen i Aust-Agder
fmavpost@fylkesmannen.no

20. januar 2016

Klage – Løyve til bruk av utanlandske treslag på eigedomen gnr. 40, bnr. 4 i Tvedestrand kommune

Vi viser til vedtak i sak 2015/5006 den 16.12.2015, varsla frå Miljøvedtaksregisteret 18.12.2015. Vi viser elles til vår varsling av klage i e-post av 4.1.2016 og dykkar svar 11.1.2016.

Klagar ønskjer saka omgjort, slik at søknaden blir avslått.

Det er to hovudtema i denne klaga, at arealet som ein ønskjer planta på har verdifulle naturverdiar som vil kunne bli øydelagde, og at sakshandsaminga etter naturmangfaldlova ikkje har fanga opp dette.


Arealplanlagde til juletreff

I vedtaket står det følgjande om arealet det skal plantast på: *«Tiltaket er kartfestet og vurdert mot kjente opplysningar i Artskart, Naturbase, Miljøregistreringer i Skog (MiS) og Gårdskart. Landbruksavdelingen vurderer de miljøregistreringer som er kartfestet i nærområdet, ikke er i konflikt med det omsøkte tiltaket.»*

Naturvernforbundet
Mariboeg gt 8,
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

SABIMA
Pb. 6784 St. Olavs plass,
0130 Oslo
sabima@sabima.no

WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs Plass,
0130 Oslo
wwf@wwf.no



Figur 1. Kart frå søknaden til venstre, kart frå Naturbase til høgre.

Det står at tiltaket er kartfesta og vurdert mot kjente opplysningar i mellom anna Naturbase. Når vi har plassert dei to karta ved sidan av kvarandre, kan vi ikkje forstå anna enn at det er ein betydeleg overlapp mellom planlagd juletreareal og naturbeitemarklokalisiteten i området. Det var ei stor overrasking ut frå det som står i vedtaket. Korleis det er vurdert at det ikkje er ein konflikt mellom det som er og det som er planlagd, det seier ikkje vurderingane noko om. Når vi prøver å etterprøve dette, så er ikkje vi i stand til å kome til same konklusjon.

Naturtypelokaliteten det gjeld er naturbeitemark verdisett til verdi B Viktig. Arealet inneheld også noko slåttemark i mosaikk. Grunnen er noko kalkpåverka og floraen blir nemnt som artsrik. Vidare er det nemnt eit potensial for ytterlegare verdiar: «*Det er ikke registrert noen sjeldne arter på lokaliteten, men lokaliteten har stort potensial for beitemarkssopp*».

Mellom aktuelle beitemarkssoppar finst også ein del raudlista artar. For å avslå søknaden, er det tilstrekkeleg kunnskap med den undersøkinga som er gjort. Meiner ein at det skal gjevast løyve, er det nødvendig å få potensialet for beitemarkssopp nærare undersøkt. På Artskart ligg det til saman 18 funn av *Hygrocybe*, fordelt på 10 artar for heile Tvedestrand kommune. Dette er mindre enn ein kan rekne med å finne på ein einaste god lokalitet under dei rette beite- og vertilhøva.

Det er registrert 9 lokalitetar av naturbeitemark i Tvedestrand, etter måten få areal samanlikna med det ein kan vente var tilfellet for 50 år tilbake. Den generelle trenden gjer seg gjeldande også her ved at høveleg beiting utan nemnande gjødsling blir sjeldnare driftsform i våre dagar. Sidan dette er ein kulturbetinga naturtype, vil manglande og feilaktig bruk av desse lokalitetane vere eit trugsmål mot naturverdiane, slik at det er ein fare for at ytterlegare areal og lokalitetar blir borte. For fleire av lokalitetane er det nemnt eit potensiale for beitemarkssopp, men dette er ikkje undersøkt nærare for nokon av dei. Når ein skal gjere vurderingar etter nml. § 10, er det slike tilhøve som må vurderast. Det er ikkje gjort i det heile i denne saka. Det som står i vedtaket til nml § 10 «*Det er vurdert om juletreproduksjon på dette området medfører sterk belastning på naturmangfoldet i området, og det er det ikke grunnlag for å hevde.*» tyder på at sakshandsamar har misforstått noko her.

Ei naturbeitemark vil heilt klart tape ein stor del av sine verdiar om ho blir omdisponert til juletreplantasje. Dette både som følgje av endra beiting og ein må anta at både trerøter og sprøyting som er vanleg i juletrefelt vil vere svært negativt for beitemarkssopp.

At det ikkje er nokon konflikt mellom det som finst på plassen no og ein juletreplantasje er for oss difor heilt uforståeleg.

Når det gjeld Artskart, finst det registreringar som må undersøkjast nærare. Det er mykje mogleg at dei funna som er gjort gjeld andre stader enn i aktuelt plantefelt, men slikt må avklarast gjennom sakshandsaminga. Står ein igjen med registreringar som ikkje kan «bortforklarast» på sannsynleg vis, må ein legge til grunn at dei kan vere frå det aktuelle området og at ein då må vurdere verknaden av tiltaket på desse. Som alle dei andre vurderingane etter naturmangfaldlova skal slike vurderingar finnast på papiret i lag med vedtaket og ikkje berre oppi hovudet til ein sakshandsamar.

Vi vil minne om rettleiaren til nml, kap. 5 som seier: «*Begrunnelsesplikt, enten vedtaket er til gunst for søker eller ikke. For å sikre at den samlede forvaltningen er i tråd med prinsippene, og at tolkningen av disse blir mest mulig ensartet, kreves det i § 7 annet punktum at vurderingen og vektleggingen av prinsippene skal fremgå av beslutningen. Dette innebærer at det i vedtaket skal synliggjøres i hvilken grad prinsippene er relevante, hvordan de er vurdert i den enkelte sak, og hvilken vekt de er tillagt. Dette skal medvirke til at vedtaket får legitimitet, åpenhet om hva som er vurdert, hvordan det er vurdert, og hva som er tillagt størst vekt i saken.*»

Treslaga som er omsøkt

Utsetting av utanlandske treslag til juletreproduksjon er basert på at trea blir fjerna før dei blir kongleberande. Vilkhåra som skal sikre dette inneheld berre ei barriere, dvs. at svikt på eit punkt vil vere nok til at føresetnaden ikkje er til stades. I vilkhåra i denne saka er det t.d. ikkje sett krav om at kongleberande tre skal fjernast før dei får spreidd frø. Det blir brukt «*tre av utenlandsk opprinnelse*» som kan gi opphav til mistydingar. Ein kan lett tenke at det gjeld tre kjøpt i utlandet, og ikkje gjeld tre kjøpt på Reiersøl planteskole. Det kan vidare sjå ut til at eigar skal kunne dokumentere om det finst tre spreidd til naturen, men det står ikkje noko om kor stort areal som skal undersøkjast, og det ser ikkje ut til å vere opplagd at slike rømlingar skal fjernast. Problemstillingane knytt til rømlingskontroll på annan grunneigar sin eigedom kjem som ein tilleggskomplikasjon som ikkje er nemnt noko om i det heile.

Her er det ganske mykje som kan gå gale, og resultatet kan fort bli at tre ein ikkje rekna med kunne spreie seg gjer det likevel. Difor er det ikkje heilt uvesentleg kva treslag som er søkt planta.

Nobelgrana har ei spreingsevne i tal planter som overgår det meste, med 38 000 ungpantar pr. dekar. Fjelledelgran spreier seg også relativt lett til norsk natur, jf. Sandvik 2012¹. Vi meiner at ein anten må velje andre treslag som ikkje har så stor evne til å spreie seg, eller at ein må forsterka vilkhåra, slik at ein har fleire barrierar som må svikte før artane kan spreie seg.

Krav om utsett iverksetting

Ein ber om at det ikkje blir planta ut noko før klaga er avgjort og at grunneigar gjerast merksam på dette.

¹ H. Sandvik 2012. Kunnskapsstatus for spredning og effekter av fremmede bartrær på biologisk mangfold. DN-utredning 8-2012

Konklusjon

Dei vurderingane som skal finnast etter naturmangfaldlova er mangelfulle eller manglande, noko som gjer det umogleg å ta stilling til kva naturverdiar som kan vere på spel. Dei naturverdiane som er kjent gjennom tidlegare kartlegging er nok til å avslå søknaden. Det kjem elles fram at t.d. beitemarksopp er utilstrekkeleg kartlagd. Vedtaket må gjerast om og søknaden må avslåast.

Med venleg helsing

Christian Steel
generalsekretær, SABIMA

Arnodd Håpnes
fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Heidi Sørensen
teamleder, WWF-Norge